



Austebygd skule,  
5939 Sletta

Austebygd skule, 16. september 2014

Til foreldre/føresette

## Innkalling til foreldrerådsmøte

Alle foreldre/føresette ved Austebygd skule vert med dette kalla inn til foreldrerådsmøte på skulen **tirsdag 23. september - kl.18.00**

### **Sakliste for foreldrerådsmøtet:**

1. Informasjon om tilbakemeldinga skulen har fått etter gjennomføringa av den eksterne skulevurderinga i veke 38.
2. Kommunalsjef **Jo Bjarte Tømmerbakke** vil informera om Radøyskulen, m.a. med utgangspunkt i **"Plan for samarbeid heim-skule"** og **"Utviklingsplan for grunnskulen i Radøy 2014-17"**.
3. **Saker frå FAU:**
  - a) Årsmelding og orientering om rekneskapen.
  - b) FAU for skuleåret 14/15  
Orientering om konstitueringa av nytt FAU – og medlemmene sine ulike verv.
  - c) Andre aktuelle saker frå FAU.
4. Eventuelt.

## **VEL MØTT !**

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
rektor

*Laila Blomvågnes*  
leiar FAU i 13/14

SVARSLIPP \_\_\_\_\_ Klipp \_\_\_\_\_

Ber om at alle heimane leverer svarslippen **seinast måndag 22. september**

- Eg/me kjem **på foreldrerådsmøtet tirsdag 23. september**  
 Eg/me kjem **ikkje på foreldrerådsmøtet**

*Dato/underskrift* \_\_\_\_\_

## Møtereferat 2.9.14

### Konstituerande møte, FAU 2014-15

Til stades:

*Torunn Hovden (rektor), Laila Blomvågnes, Kjersti Flatraker, Janne Grete Øvrebøe Heier,  
Mette Rosenlund, Agnethe Soltveit, Hildegunn Sivertsen, Marit Ystebø.*

Ikkje til stades:

*Unn Iren Martinsen Kamande, Lasse Ståløy*

Sak 1:

Konstituering av FAU for skuleåret 2014-15:

Leiar: Geir Olav Repål

Nestleiar: Hildegunn Sivertsen

Kasserar: Mette Rosenlund

Skrivar: Janne Grete Øvrebøe Heier

Representant i Samarbeidsutvalet: Agnethe Soltveit

Sak 2:

Endring i busstida etter skuleslutt.

Skulen vart ikkje orientert om dette og fann det tilfeldigvis ut etter skulestart.

Tidlegare var rutetida 13.40 og no er den endra til 13.50. Skulen har kontakta Skyss og Jo Tømmerbakke (kommunalsjef for sektor oppvekst), men har ikkje nådd fram med klage og oppmoding om endring av busstida attende til 13.40.

Det vert uttrykt uro for at elevar, og særleg dei minste, må venta i minst tjue minutt etter skuleslutt i all slags ver. Vinterstid kan det verta forseinkingar som kan gjera ventetida endå lengre. FAU vedtek å skriva/ kontakta kommunen og ta opp saka.

Sak 3:

Torunn Hovden informerer om at skulen, saman med alle skular i Radøy kommune, deltek i eit valgfritt tilbod om støtte og hjelp til skuleutvikling fra Veiledarkorpset i regi av Utdanningsdirektoratet. Skulen vil få ei ekstern vurdering av skulevurderarar der temaet er «Vurdering for læring». Dette vil verta gjennomført i veke 38.

Info vert sendt ut til alle foreldre.

Skulevurderinga skal enda opp i ein rapport der det vert peika på skulens sterke og svake sider og korleis skulen kan arbeida med ulike område. Målet er skuleutvikling.

FAU-representantar og vara- representantar vil få innkalling til informasjonsmøte som skal haldast 15.9.14. To representantar som skal gjennomføra skulevurderinga deltek på møtet.

Sak 4:

Laila Blomvågnes informerer om tilbakemelding frå ein foreldrerepresentant til tidlegare 7. klassing angåande 7.klasseavslutning. Vedkommande tipsar om at det er lurt å starta planlegginga tidleg og gjerne be 6.klasseforeldre om å hjelpe til på festdagen. Foreldrekontakt i 6.klasse kan til dømes ansvar for å skaffa to stykker som kan hjelpe til. I fjor var det kun ein person som stilte opp og det medførte ein del forseinkingar i programmet.

Sak 5:

17.mai

•Forslag om at ein endrar på ordninga med at det er foreldra til elevane i 5.klasse som har ansvar for å organisera 17.mai. FAU går inn for at foreldra til dei som går i 5. klasse og 6. klasse har ansvar for å organisera 17.mai, der foreldra til 5.klassingane har hovudansvaret.

- På denne måten oppnår ein truleg ei smidigare og meir effektiv planlegging sidan ein har ei foreldregruppe med som har vore med på 17.maiplanlegging tidlegare. I tillegg løyser ein utfordringa det er med små klassar og dermed få foreldre.
- Idrettslagets fane som er på Samfunnshuset må vera klar ved Emigrantkyrkja 17.mai. Forslag om at Idrettslaget tar ansvar for at denne vert hugsa på, til dømes i samband med at det vert flagga på Samfunnshuset om morgenon. Janne G Ø Heier tar dette opp med Idrettslaget.

Sak 6:

Diverse:

Torunn Hovden informerer om foreldremøte 23.9.14 der kommunalsjef vert med og skal ha litt informasjon om kommunale skuleplanar.

Torunn Hovden informerer om at det er endring i ordninga om leksehjelp. Tidlegare var det lagt opp for 1.-4. klasse, medan det no er er anledning til å legge ordninga til andre klassetrinn. Dette får inga praktisk betydning for Austebrygd skule dette skuleåret og leksehjelpordninga vert videreført slik den er no.

Sletta 8.9.14

Janne Grete Øvrebøe Heier  
(skrivar)